

## Rep.sak nr 12-20. Val av styre med vara for perioden 2020-2022.

Tilråding til vedtak:

1. Representantskapet gjer om inkje vedtak i sak 09-20.
2. Representantskapet vel slike representantar til styret med vara, for perioden 2020-2022:

Anne Ellingsen - Ørsta  
Hallvard Bjørneset - Volda  
John Helge Bjørndal - Ørsta  
Henriette Hafsaas - Volda

Leiar: Anne Ellingsen  
Nestleiar: Hallvard Bjørneset

Frå Volda:  
1 vara: Sissel Anita Øyen Hareide  
2 vara: Kjell Tore Aarstad

Frå Ørsta  
1 vara: .....  
2 vara: .....

### Saksutgreiing.

Representantskapet skal i samsvar med vedtektene § 7. Punkt 5, velje styre med numeriske vara. Leiar og nestleiar. Dette vart gjort i representantskapet sin sak 09-20.

Val av styret med vara skal godkjennast av Brønnøysundregistra, og skal vere i tråd med lova sine krav til representasjon av kjønn. Vi fekk melding derifrå 15 juni 2020, om at valet ikkje er godkjent, fordi kravet om kjønnsrepresentasjon av vara ikkje er i tråd med lovkravet.

Brønnøysundregistra skal ha kopi av protokoll frå møtet som syner valet. Eg rår derfor til at representantskapet gjer heilt nytt val av dei personane som er valde, i tillegg av korrekt kjønnsrepresentasjon av vara.

Valnemnda legg fram tilråding på vara for Ørsta, på møtet.



Petter Bjørndal  
Dagleg leiar

Vedlegg: Melding er ikkje godkjent frå Brønnøysundregistra av 15.06.2020.



# Brønnøysundregistrene

|                           |                |
|---------------------------|----------------|
| VØR<br>Vård og Øst-Region |                |
| 17 JUN 2020               |                |
| ARK.NR.                   | J.NR.<br>25201 |

Kundenr : 1299499  
VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS  
Torvmyrane 29  
6160 HOVDEBYGDA

15.06.2020

## Meldinga er ikkje godkjend

Den 12.06.2020 fekk Føretaksregisteret meldinga som ligg ved for

**VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS**  
organisasjonsnummer 984 068 085

For at vi skal kunne vurdere meldinga på nytt, må du

### 1. melde nytt styre

Kjønnsrepresentasjon for varamedlemene er ikke oppfylt. Har styret fire varamedlem, skal kvart kjønn vere representert med to.

Styret i interkommunale selskap må oppfylle krava om kjønnsrepresentasjon. Dette inneber at begge kjønn skal vere representerte på følgjande måte:

- Dersom styret har to eller tre medlemmer, skal begge kjønn vere representerte
- Dersom styret har fire eller fem medlemmer, skal kvart kjønn vere representert med minst to
- Dersom styret har seks til åtte medlemmer, skal kvart kjønn vere representert med minst tre
- Dersom styret har ni medlemmer, skal kvart kjønn vere representert med minst fire
- Dersom styret har fleire enn ni medlemmer, skal kvart kjønn vere representert med 40 prosent

Reglane for representasjon av kjønn gjeld også ved val av varamedlemmer. Vi gjer merksam på at styremedlemene og varamedlemene blir vurderte kvar for seg.

Dersom det skal det vere representantar frå dei tilsette i styret, gjeld egne reglar for kjønnsrepresentasjon.

Treng du meir informasjon, sjå lov om interkommunale selskap § 10.

#### Brønnøysundregistra

Postadresse: Postboks 900, 8910 Brønnøysund  
Telefonar: Opplysningstelefonen 75 00 75 00 Telefaks 75 00 75 05  
E-post: firmapost@brreg.no Internett: www.brreg.no  
Organisasjonsnummer: 974 760 673

**Klage**

Vedtaket vi har gjort om å ikkje godkjenne meldinga kan klagast på etter reglane i forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen skal vere skriftleg og sendast til Brønnøysundregistra innan tre veker frå du mottok dette brevet.

Gratis tilgang til norske lover finn du på [www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no)

---

**Brønnøysundregistra**

Postadresse: Postboks 900, 8910 Brønnøysund  
Telefonar: Opplysningstelefonen 75 00 75 00 Telefaks 75 00 75 05  
E-post: [firmapost@brreg.no](mailto:firmapost@brreg.no) Internett: [www.brreg.no](http://www.brreg.no)  
Organisasjonsnummer: 974 760 673